

Til:  
uttalelse@nve.no

Førde, 11.04.2024

Dette brevet er sendt på vegne av DNT Sogn og Fjordane og Indre Sunnfjord Turlag, Naturvernforbundet Sogn og Fjordane, Norges Jeger- og Fiskerforbund (NJFF) Sogn og Fjordane og Birdlife Sogn og Fjordane.


## Fråsegn til saka om Selselva kraftsverk – søknad om økt sluksevne og regulering av Selsvatnet

### Sunnfjord kommune - Høyringsuttale 202205918

Frå: Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane

FNF er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivorganisasjonar i Sogn og Fjordane, som arbeider for å ta vare på natur- og friluftslivinteresser i fylket. Per i dag er det 13 organisasjonar tilslutta FNF. Organisasjonane representerer rundt 19.000 medlem i fylket.

Forum for natur og friluftsliv (FNF) er opptatt av å ta vare på naturgrunnlaget kommunane har og fremme eit allment tilgjengeleg friluftsliv i kommunen. Derfor kjem vi her med nokre innspel tilsøknad om opprusting og utviding av Selselva kraftsverk.



## Natur-, landskaps-, friluftslivs-, og reiselivsverdiane i området må kome betre fram i saka

Selsvatnet og øverste del av Selselva er regulert til LNF-område i kommuneplanens arealdel Sunnfjord kommune.. Tiltakshavar har i liten grad skildra natur-, landskaps-, friluftslivs- og reiselivsverdiane i dette fjellområdet. Det vil FNF framheve her:

Den kanskje mest påfallande og underkommuniserte konsekvensen av reguleringa av øvre del av Selselva (550 meter), den store demningen på 80 meter og regulering av Selsvatnet med ein meter, er korleis dette vil påverke landskapsverdiane. Elva utgjer ein viktig og synleg del av landskapet slik den går i dag, og bidreg til det ville og urørte preget i fjellet. Ein betydeleg reduksjon i dagar med naturleg vassføring vil forringe naturopplevinga i området.

Det devonske fjellområdet med toppane Storehesten og Blægja er ein berggrunn som Sogn og Fjordane er nesten åleine om i landet. Området har fleire store areal med konglomerat og sandstein av devonsk alder (416-359 millionar år). Dette er gjennomgåande sure og næringsfattige bergartar som gjev eit karrig inntrykk. Det som skil Kvamshesten-massivet frå dei andre, er at dette feltet er utan nemneverdige inngrep. Ålfoten er prega av fleire kraftverk og reguleringsmagasin. Solund har ikkje høge fjell.

Til liks med dei vestre delane av Stølsheimen, Snøheia mellom Høyanger og Gaular og Ålfoten-massivet er Kvamshesten eit nedbørrikt område. Særleg på skuggesider ligg snøen lenge. Vekstsesongen er kort. I Snøheia-området har Biofokus registrert 6 raudlista naturtypar og 22 raudlista artar – 18 mosar og 4 karplanter. 9 av dei er i kategorien sårbar og 13 nær truga. Fleire av artane har sitt tyngdepunkt av utbreiing i Noreg. Nokre har i Noreg halvparten eller meir av si kjende utbreiing i Europa; dei er for Noreg europeiske ansvarsartar. Vi kan ikkje utan vidare seie at Kvamshesten er i same situasjonen. Men sidan klimaet og det kjemiske innhaldet i berggrunnen liknar, kan vi ikkje sjå vekk frå at det er sannsynleg å finne fleire sjeldne artar enn dei to som søknaden nemner. Vi meiner at dersom NVE vurderer å gje konsesjon til å demme opp Selsvatnet, må søkjaren først levere tilleggsundersøking av floraen.

Der det kan finnast sjeldne artar og naturtypar, er det om å gjere å tryggje vekseplassane for dei individa som er kjende. Endringar i klimaet og meir tilfeldige hendingar kan gjere at nokre går dukken av naturlege årsaker. Vi må ta vare på større område enn akkurat dei lokalitetane som nokon har registrert. Naturmangfaldlova § 4 set som mål å ta vare på naturtypane der dei finst og med det innhaldet og økologiske prosessar som kjenneteiknar kvar naturtype. § 5 har eit liknande forvaltningsmål for artane, med det å sikre økologiske funksjonsområde som middel.

Så er det altså slik at to registrerte moseartar er nær truga. Faksjøkulmose veks frå sør til nord i landet, men han er i nedgang. Klimaendringar vil gjere sitt, og uttørking etter redusert vassføring er ein fare. Kystfloke er avgrensa til Vestlandet og i nedgang. Artsdatabanken held nettopp dei mange småkraftutbyggingane som ein viktig grunn til det.

Både landskapet og livsformene rundt Selsvatnet har sin eigenart og er ikkje å finne mange andre stader i distriktet. Motivet for å ta vare på naturen er ikkje å konservere ein tilstand, men å sikre grunnlaget for ei naturleg utvikling. Vi er sterkt usamde i at det planlagde inngrepet har liten negativ konsekvens. Vi kan langt frå slutte oss til standpunktet frå søkjaren når det står at å demme opp Selsvatnet vil vere eit uvesentleg tillegg til den samla påkjenninga av ei rekkje småkraftverk i området (nml. § 10). Nettopp fordi så mange elvar er forstyrta i si naturlege rytme, må vi karakterisere den

samla påkjenninga som stor – eit argument som talar mot å gjere ho endå større. Fordi målet med tiltaket er å auke slukevna i kraftverket, vil det bli mindre vatn som renn naturleg under snøsmelting og regnvêr. Tiltaket påverkar ikkje berre Selsvatnet, men heile elva ned til turbinen.

### Opplevingsverdiane


Landskapet har sitt særpreg ved at det ligg lite lausmassar over fast fjell. Det gjev eit karrig preg, men òg ein ettertrakta eigenart. Oppe på skaret frå Kårstadstølen ligg eit avgrensa rom mellom Storehesten og bergryggen i nord, utover mot Blægja. Dette er eit turområde som skil seg heilt frå dei andre fjella i Sunnfjord. Der er stille, uforstyrta av inngrep og innestengt frå omverda, ein kvalitet som stadig fleire ser ut til å setje pris på. Toppene er på same tid av dei høgste så langt vest og dei har bratte stup, litt spaning. Området ligg nær Førde – med mange som går på tur – og nær dei som bur på begge sider av fjella.

Selsvatnet er av dei største i denne fjelldalen. Ei over 80 meter lang demning og ein meter reguleringshøgde med plan om rask senking når det er økonomisk lokkande, er for mange ein dempar på opplevinga. Reguleringsranda rundt vatnet vert godt synleg, også på avstand. Der er eit inngrep, landskapet er ikkje lenger uforstyrta. Elva vert mindre synleg, og ikkje lenger naturleg, frå vatnet og 550 meter ned til det eksisterande inntaket. For opplevinga er det dekning for å kalle dette negativt og vesentleg.

### Turområde og friluftslivsverdier.

Tiltakshavar skildrar kun turstien som går nedanfor Kårstadstølen via dagsturhytta til toppen av Storehesten. Stinettet og friluftslivsverdiane i området er langt meir omfattande enn dette.


Området er i Naturbase registrert som svært viktig friluftslivsområde utan tilrettelegging:



<https://geocortex02.miljodirektoratet.no/Html5Viewer/?viewer=naturbase> (15.04.24)



Området rundt Selsvatnet med merka stiar inntegna, i tillegg til fleire turruter og alternative trasear enn det som er vist. Turen frå Bygstad opp på Kvamshesten er svært populær. Undervegs ligg Skaraly den nye dagsturhytta til Sunnfjord kommune. Før turen og løpet Storehesten Opp vart etablert i 2006, var det meir vanleg å følgje stien opp til Storehesten langsmed Selselva. Det er ein fin rundtur å gå opp frå Kårstad, og ned att til Sele. Kjelde: ut.no.



På sommarstid vil ein kunne sjå endringar i vegetasjon som følgje av stadig nedtapping av vatnet og endringar i vegetasjonen kring vatnet. Mest truleg vil ein del av dagens vegetasjon forsvinne som følgje av tiltaket, ettersom arealet vil kunne ligge lenge under vatn. Slik blir det synleg ei «tappe»-rand rundt vatnet.

Dei irreversible inngrepa som følgje av støyping av ein 80 meter lang demning og regulering av vatnet med opptil ein meter, har også stor betydning for korleis landskapet og naturopplevingar vert når ein ferdast vidare oppe på fjellplataet, til dømes utover mot Blegja i vest (1304 m.o.h.) – som også er eit populært turmål.

### Frå søkanden står det «3.14 Brukerinteresser

*Fjelltoppen Kvamshesten er et mye brukt turmål. Nærmeste punkt på stien mot Kvamshesten er ca. 500 m i luftlinje fra planlagt reguleringsdam i Selsvatnet. Reguleringsdammen vil kunne ses fra deler av denne stien. Området rundt selve Selsvatnet er lite brukt. Søker kan ikke se at tiltaket vil være i konflikt med eventuelle andre brukerinteresser, eksempelvis jakt.»*

Her meiner FNF Sogn og Fjordane at tiltakshavar viser fullstendig manglande kunnskap både om bruk for lokale formål som jakt, friluftsliv og naturbasert reiseliv.

- Det er stor ferdsel også vidare frå Kvamshesten mot Blegja, både sommar og vinterstid. Då er Selsvatnet ein viktig del av landskapet og opplevinga av urørt natur vil bli sterkt forringa ved eit slik inngrep.
- Det vil også gi betydeleg endring i landskapsverdien for Storehesten sett frå fjorden når det vert betydeleg mindre vatn i elvestrekninga øvst på (550 meter).

#### **Turmål – Blegja (1304)**

Vårskituren til Blegja frå Kårstadstølen (under Storehesten) er ein klassikar. Her går det mange på ski frå mars og utover til juni avhengig av snøtilhøva. Demninga, og ikkje minst reguleringa av Selsvatnet, vil bidra til ei sterk forringing av naturopplevinga.

#### **Turmål – Storehesten (1290 m.o.h.):**

Fjellet Storehesten er eit ikon for heile regionen. Det er eit turmål som er kjent i heile Noreg som følge av motbakkeløpet Storehesten Opp. Storehesten og området rundt med øvre del av Selselva, den 80 meter lange demningen og reguleringa av det store Selsvatnet, er også del av eit større, samanhengande naturområde med urørt preg. Det er politisk eit ønske om å ta vare på slike område. Det er nokre småkraftverk knytta til elver ned frå fjellmassivet, men ingen større tekniske inngrep over «kanten» frå i underkant av 700 høgdemeter, og i høgde med Selsvatnet (837) og over (NVE Atlas).

#### **Turmål – dagsturhytte Skaraly**

Det er mykje friluftsliv og turgåing i dette fjellmassivet, og fysiske inngrep bidreg til å forringe naturopplevinga, det urørte preget og kjensla av ekte natur. Turen opp til Storehesten (1209 m.o.h.) via dagsturhytta er veldig populær, og ein vil sjå reguleringsdammen frå delar av denne stien. Organisasjonane er svært kritiske til at ei nyleg satsing, og eit lavterskeltilbod som dette, for å bidra til folkehelsa ved å få folk ut i naturen skal kunne miste sin attraksjon og opplevingsverdi ved ei eventuell inngripande vaskraftregulering.



Foto: Magnar Egil Øren Gangsø/Ut.no.

### Friluftslivstradisjonar og organiserte turar

Indre Sunnfjord har i ei årrekke arrangerte det organiserte vårskituren frå Stølshaugane bak Storehesten og vidare ut til Blegja. Årets tur går 27. april. Sjå ovanfor og informasjonen om turen på nettsida til DNT og Indre Sunnfjord Turlag; [Fjellskitur til Blegja | Indre Sunnfjord Turlag \(dnt.no\)](#)

Dette er ein svært populær tur med mange deltakarar. Det er også ein tur veldig mange går på eige hand, og som er kjent langt utover regionen. Bergen og Hordaland Turlag (over 30 000 medlemmar) har til dømes hatt turar frå Stølshaugane til Blegja. Sjå bilete og oppslag i medlemsbladet Sti og Varde.

 Den Norske Turistforening



Selsvatnet til høgre i biletet

### UNESCO-område!

Våren 2025 kan Sunnfjord geopark, som inkluderer Storehesten og fjellområdet ikring, bli del av UNESCO. Det ligg inne søknad, og det kjem rådgjevarar frå UNESCO på synfaring til sommaren. Det er allereie godkjent 4 geoparkar i Noreg, og Noreg er eit av landa UNESCO er særleg oppteken av knytta



til geologi. Det er veldig uheldig om desse områda vert forringa av naturinngrep. Les meir om geoparkar: <https://www.ngu.no/geologiske-ressurser/unesco-globale-geoparker-og-verdensarv>

## Kommentarar til reguleringsforslaget

### Hydrologi

*«Mellom den planlagte reguleringsdammen og inntaket renner Selselva i dag fritt. Etter utbygging vil flomtoppene reduseres, og vannføringen på strekningen vil bli jevnare over lengre perioder. Unntakene er når kraftverket kjøres etter døgnoptimalisering og luken stenges. Da vil det kun gå minstevannføring på strekningen mellom reguleringsdam og inntak inntil magasinet er fylt opp igjen til ønsket nivå. Periodene med kun minstevannføring forventes imidlertid å bli korte.»*

- Flaumtoppane er viktige for å vaske ut elva, særleg om det er fisk i nedre del av Selselva. Renskar også ut i fjorden. Grunt ved elveutløpet.
- Stor negativ effekt for landskapsverdiane
- Ingen garanti for at periodane med kun minstevannføring vert korte, tvert om. Det er mykje regn i området, og ønske om effektkjøring med store endringar i elva si vassføring.

*«På strekningen mellom reguleringsdam og inntak er det sannsynlig med noe mer kjøring når det tappes vinterstid.»*

- Eit svært populært område for vårskiturar. Sjå bilete frå klassikaren Indre Sunnfjord Turlag arrangerer kvart år, og kor viktig Selsvatnet er i landskapsrommet. Eit oppbrekt islag vil vere svært øydeleggende for opplevinga av urørt og ekte natur.

### Naturverdiar og naturmangfald

Naturmangfaldet i er i liten grad undersøkt av tiltakshavar. Det er henvist til to raudlistearter som er registrert i Artsdatabasen. Desse er i seg sjølv verdifulle, og den eine har fått endra levevilkår i den nedste delen av elva som allereie er regulert. Ein bør ikkje auke belastninga med ytterlegare regulering av elvestrengen. I konsesjonssøknaden les vi; *«aktiv regulering med luke gjør at elva over en strekning på ca. 600 m tidvis vil få stor variasjon i vannføring.»*

Vasstrengen Selselva er av naturtypen elvevannmasser (NT – nær truet). Som naturtype blir den difor vurdert til å bli forringa som følge av tiltaket.

### Rødlistarter

*«Det er registrert 2 rødlistede mosearter innenfor tiltaks- og influensområdet:*

- 1) *Kystfloke, som vokser langs hele vannstrengen, og 2) fakskjøkelmose, som vokser på store steinblokker øverst i vassdraget.*

*Rødlistart Rødlistekategori Funnsted Påvirkningsfaktorer\**

*Heterocladium wulfsbergii (Kystflope) NT Langs hele vannstrengen Oppdemming, regulering, vannløpsendring, etc.*

*Arctoa fulvella (Fakskjøkelmose) NT På steinblokker øverst i vassdraget Klimatiske endringer \* ref. [www.artsportalen.artsdatabanken.no](http://www.artsportalen.artsdatabanken.no)»*

Ein må spørje seg om den samla belastninga for artane eller naturtypen gjer det vanskelegare eller umogeleg å nå forvaltningsmåla (§ 4 og 5) i Naturmangfaldlova.

Nylege undersøkingar i dei vestnorske fjella, både Snøheia litt lenger aust i Sunnfjord kommune, vestre Stølsheimen og Matrefjella sør for Sognefjorden, viser store funn av raudlisteartar, også ansvarsartar som i stor grad berre er å finne i Noreg. Dette er kartleggingar i fjellområde som ligg i same fuktighetssone og høgde som området som er planlagt utbygd ved Storehesten.

### **Terrestrisk miljø**

*Frå søknaden: «Området rundt Selsvatnet kan beskrives som typisk høyfjellsterreng. Glatt fjell og ur er dominerende, og går rundt store deler av Selsvatnet helt ned i vannkanten. Naturtypen fjellhei dekker store områder rundt vannet. Tiltakets påvirkning på denne naturtypen vurderes som ubetydelig (Ecofact)»*

Som beskrevet i søkanden om utbygging vil

*«Virkningene på naturmangfoldet vil ha sammenheng med tre typer tiltak/inngrep:*

- 1. Redusert vannføring og endret fuktighetsregime som følge av endring av flomtopper.*
- 2. Direkte arealbeslag gjennom etablering av inntak og heving av vannstand.*
- 3. Anleggsarbeid/forstyrrelser i anleggsfasen»*

FNF meiner at her må det takast omsyn til korleis anleggsarbeid og utbygging i utbygging- og driftsplanen vil påverke artar og naturtypar, og lage ein plan for korleis ein vil gjere minst mogleg negativ påverknad på desse. Spesielt vil anleggsarbeid påvirke fugleliv – også hekkande fugl, derfor må ein planlegge anleggsarbeidet utanfor hekketid.

Alle inngrep inngår i den store bit-for-bit-nedbygginga, også dette.

Kartlegging frå Snøheia, fjellheimen på grensa mellom Sunnfjord og Høyanger kommune inkluderer fuktighetssone og høgdemeter og viktige funn for dei vestnorske fjella. Og er relevant også for naturtypen ein finn her. Sjå rapport.

[Kartlagte naturverdier i Stølsheimen og Matrefjella sommeren 2022 – en oppsummering - Hordaland \(fnf-nett.no\)](http://fnf-nett.no)

I søkanden skil ein i gjennomgangen av konsekvensar som følge av oppdemming av området og effektkøyring, og den øverste delen av elva som skal regulerast. På denne måten kan ein vise til at det eine ikkje påverkar det andre. Men dette heng meir i hop.

FNF Sogn og Fjordane meiner derfor at ein bør derfor sjå på det samla inngrepet, både med



elvestrengen og vatnet som skal demmast, og fysiske installasjonar slik som ein 80 meter lang demning i betong. Eit heilt irreversibelt inngrep i naturen.

Eit døme:

*«Den rødlistede mosearten faksjøkelmose (NT) er registrert på blokksteiner et lite stykke nedstrøms planlagt reguleringsdam, skriv tiltakshavar.»*

- Med andre ord ein sær negativ effekt for inngrepet samla sett

*«Mosearten kystflope (NT) er registrert langs elveløpet nedstrøms kraftverksinntaket. Arten påvirkes blant annet av endringer i vannføringsregime. Leveforholdene for arten vurderes å bli forringet etter gjennomført regulering. Det er likevel vanskelig å si i hvilken grad så vil skje.»*

- Her bør ein leggje føre-var til grunn. Ikkje redusere habitatet ytterligare for arten.

«Det er registrert kongeørn innenfor influensområdet. Forutsatt at tyngre anleggsarbeid, som medfører helikoptertrafikk og sprengning, foregår utenom hekkesesongen, vil påvirkningen bli ubetydelig.»

### **Akvatisk miljø**

Vannstrengen Selselva er av naturtypen elvevannmasser (NT). Elvemiljøet som sådan blir påvirket av at flomtoppene blir redusert i hyppighet og størrelse. Som naturtype vurderes den derfor å bli forringet som følge av tiltaket.

### **Landskap og inngrepsfrie naturområder**

«Influensområdet ligger innenfor landskapsregion (LR) 15 Lågfjella i Sør-Norge, underregion (UR) 15.20 Kvamshesten. LR 15 er en samlegruppe av snaufjellsområder opp til 1500 moh, men også med innslag av høyere topper. Denne landskapsregionen har tradisjonelt vært mye brukt til jakt, fiske og utmarksbruk. Områder av LR 15 som ligger vest for Langfjella, herunder UR 15.20 Kvamshesten, preges ofte av bart fjell eller av fjell med tynt og usammenhengende løsmassedekke.»

- Noreg forpliktar seg gjennom Landskapskonvensjonen om å ta vare på landskap; «Den europeiske landskapskonvensjonen har mål om å verne, forvalte og planlegge landskap, og å organisere europeisk samarbeid på disse områdene.» [Landskapskonvensjonen - Miljødirektoratet \(miljodirektoratet.no\)](http://landskapskonvensjonen-miljodirektoratet.no)
- Regulering av elvestrengen på ein halv kilometer øvst langsmed Storehesten, vil vere eit enormt forringane inngrep i høve landskapsverdiar. Bilete på Visit Norway taler si tak, sjå nedanfor. Her ser vi det som tiltakshavar kallar ein bekk. Det er å undervurdere denne elva. Den er ein synleg del av landskapet, og kan ved snøsmelting og regnver vokse seg riktig så stor. Og regnar gjer det mykje rundt dette fjellassivet. Dette kjem ikkje fram i gjennom gjennomsnittsstatistikar. Elva er synleg i lang omkrets slik det framgår av bilete. Ei ytterligare endring på elvestrengen vil øydelegge heilskapen og det urørte. Elva hiv seg ut over berga her, og bidrar til det ville uttrykket saman med det ikoniske fjellet.

Oppsummering konflikta:

Tema	Konsekvens	Søker/konsulent sin vurdering
<u>Samlet vurdering:</u> <ul style="list-style-type: none"><li>Naturtyper</li><li>Rødlistearter</li><li>Øvrige arter (kongeørn)</li></ul>	Noe negativ	Ecofact
Vanntemp., is og lokalklima	Liten negativ ( - )	Søker
Ras, flom og erosjon	Liten negativ ( - )	Søker
Ferskvannsressurser	Liten negativ ( - )	Søker
Grunnvann	Ubetydelig ( 0 )	Søker
Brukerinteresser	Liten negativ ( - )	Søker
Terrestrisk miljø	Liten negativ ( - )	Søker
Akvatisk miljø	Ubetydelig ( 0 )	Søker
Landskap og naturområder	Liten negativ ( - )	Søker
Kulturminner og kulturmiljø	Ubetydelig ( 0 )	Søker
Reindrift	-	-
Jord og skogressurser	Ubetydelig ( 0 )	Søker
<b>Oppsummering</b>	<b>Liten negativ</b>	<b>Søker</b>

FNF Sogn og Fjordane ber om at det blir gjort **grundigare** kartlegging i regi av eit selskap med kompetanse på denne type elvestrekning. Vi er ikkje einig i vurdering om at konsekvensen er lite negativ- og ubetydeleg i det som kjem fram frå tabellen som er henta frå Ecofact sin rapport.

Vi ber vidare om at tiltakshavar oppsøker og går i dialog med aktuelle natur- og friluftslivsorganisasjonar, lokalbefolkning, reiselivsaktørar med tanke på friluftsliv, landskapsverdiar og reiselivsinteresser.

### Sunnfjord villreinområde

Tiltaket ligg inne i Sunnfjord villreinområde, og det ytre området med Askvoll og Sunnfjord kommune, avgrensa av Dalsfjorden i sør og Førdefjorden i nord.

[Sunnfjord | Villrein](#), 700 km<sup>2</sup>

«Villreinområdet som er Norges vestligste, består av et langstrakt og kystnært fjellområde på sørsiden av Førdefjorden-Jølstravatnet. Området er inndelt i tre. Ytre område omfatter kommunene Askvoll, Gaular og Førde og er avgrenset av Dalsfjorden i sør og Førdefjorden i nord. Midtre område omfatter kommunene Gaular og Førde og strekker seg fra Langeland i vest til Rørvikfjellet i øst. Indre

område omfatter kommunene Førde og Jølster og strekker seg fra Rørvikfjellet til Jostedalsbreen i øst.»



Venleg helsing

**Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane**

*Ket Fossen*

---

Ket Fossen  
Koordinator  
FNF Sogn og Fjordane